

# «Drukna» Quisling skulle kidnappast

*Bergens Tidende 19/3-88*

**FYRESDAL:** «Ministerpresidenten» Vidkun Quisling skulle kidnappast og sendast til England. Kidnappinga skulle skje på fjellet mellom Fyresdal og Nissedal der Quisling hadde hytte. For å hindre represaliar i bygda, skulle kidnappinga kamuflerast som ei drukningsulykke der liket ikkje vart funne att.

Dette fortel 70-årige Ragnar Austad i Fyresdal til Bergens Tidende. Austad er pensjonert politimann etter ein mannsalder i politiet i Skien. Han flytte heim att til Fyresdal for et par år sidan.

## Hentast med fly

Meininga var å frakte Quisling til England. Det skulle skje ved at eit britisk fly gjekk ned på Fyresvatnet og henta «føraren», for så å ta av att med ein gong med kurs for England.

Nå vart det av ymse grunnar aldri noko av verken denne eller andre planar om å kidnappe Quisling medan han var i Fyresdal. Det verserte nemleg ei rad ulike planar for korleis heimestyrkane skulle kunne «ta» han under krigen.

## Vakta av hirden


Opprinneleg vart det snakka om å «ta» han i bygda. Men dette måtte skrinleggast som alt for farleg. Quisling var støtt omgjeven av ein skokk hirdmenn som sjølv sagt var væpna. I Fyresdal var både Quisling og hirdflokken hans innlosjerte på garden Lunden og på Jonsborg, like ved, som foreldra bygde og flytte til då faren pensjonerte seg som prest i Gjerpen ved Skien.

Ikkje berre måtte ein kjempe med alle desse hirdfolka, dei var jamnleg 20-30 og kunne som tid vere så mange som 40-50 mann, faren var då også stor for at det kunne bli teke represaliar i bygda. Livet i heile bygda kunne bli sett på spel.

## Kamuflert drukningsulykke

Difor kom planen om å ta han når han var på hytta, ei og ei halv mil inne på fjellet, utan veg og langt frå folk. Der hadde han ikkje selskap med heile hirdflokken sin, men kanskje mindre enn ei handfull folk.

— Poenget var å kamuflere det som ei drukningsulykke der nokre vart funne, men slik at liket av Quisling ikkje vart funne. Han skulle



— Quisling skulle kidnappast og sendast til England. Han skulle hentast med fly på Fyresvatnet. Men av ulike grunnar vart det ikkje noko av planane, fortel den tidlegare heimefrontmannen og pensjonerte politimannen Ragnar Austad.

transporterast til England. På kunne ikkje aksjonen settast i samband med folk i bygda, slik at ein ikkje utsette bygda for represaliar, forklarar Austad.

Hytta som er tømra, ligg ved Homvatnet om lag 730 meter over havet, i fjellet mellom Fyresdal og Nissedal. Vidkun Quisling og ein av brørne sette opp hytta tidleg på 20-talet. Hytta brann ned etter kort tid og vart straks bygd opp att. Her var Quisling ofte, både før og under krigen. Hytta ligg fint til på ein liten odde ut i vatnet. I dag er det slektingar av Quisling som eig hytta, og det pågår tydelegvis reparasjons- eller restaureringsarbeid der.

## Store påkostingar

Restaureringsarbeid dreiv òg Vidkun Quisling i Fyresdal under krigen. Med mange folk gjennom lang tid og for staten sine pengar restaurerte han slektsgarden Lunden og gjerda inn eigedomen med eit digert nettingjerde. Til hjelp med restaureringsarbeidet hadde Quisling arkitekten Essendrop, same arkitekten som han brukte til restaureringa av residensen som han heldt seg med under krigen, Gimle på Bygdøy i Oslo.